

# KYRKJEBLADE

FOR  
DAVIK

Nr. 126	Kjem ut kvar månad	April 1941	Utgjevar og redaktør: <b>Prost Slaattelid</b> Davik	12. årg.
---------	-----------------------	------------	---	----------

## Bønn.

Kom fredens, kjærighetens ånd  
allmektig som Guds høyre hånd,  
og gjør til ett oss, fjern og nær,  
som liv og sannhet haver kjær.

Vær alltid hos oss sterk og mild,  
med livets lys og himlens ild,  
med sannhets ord og nådens røst,  
med stadig håp og evig trøst.

Medvider i Guds skjulte råd!  
du har begynt den store dåd,  
fullfør den du med velbehag,  
med kraft, i oss til Kristi dag!

Grundtvig.

## Matnaud.

(Preike av biskop Hognestad i 1917).

Joh. ev. 6, 1—15.

Det var matnaud dei fekk kjenna dei folk som teksta fortel om i dag. Matnaud breider seg i våre dagar frå land til land mest i heile verda. Ho fylgjer i fotefara åt krigen, og no tek ho til å truga vårt land rett ålvorleg. Vi teljer og mæler våre forråd av korn og poteter og kjøt og fisk, og mang ein seier med Andreas: Kva er dette åt så mange. Kjem ikkje folket vårt til å svelta radt ihel til neste vinter?

Frå landsende til landsende går det eit rop: De lyst arbeida, godtfolk! Dyrk jord, hogg ved, skjer torv! elles svelt vi og frys ihel før året er omme. Og det er sant at vi skal arbeida for maten. Guds ord seier og det. »Den som ikkje vil arbeida, han skal heller ikkje eta.« Berre alle ville vakna til å sjå dette, så kunne matnauda gjera godt.

Men arbeid er ikkje nok. Dei fem brød og to fiskar var arbeidsvinning, og likevel stod læresveinane opprådde. Mannaarbeid

rekk eit stykke på veg, men det kjem ofte hindringar som mannamakt ikkje kan greia. Midt i kolnauda kom denne kalde vinteren som var verre enn i manns minne. Kven av oss kunne få den bort? No kan det henda at kulden varer lenge ut på våren og klaken vert sitjande i jorda til mein for vårarbeidet og til mink i den store matauken som vi no treng så sårt. Kven skal då skunda på våren og jaga snø og is?

Saka er at ikkje berre vi arbeider, men Gud arbeider, og hans arbeid gjer utslaget. Gjev ikkje han sol og regn, så er vårt onnearbeid fåfengt. Difor gjeld det å få Gud inn i arbeidet, då vil det lukkast som elles såg umogelegt ut.

Korleis kan vi få Gud med? Ved bøn. Difor skal vi ikkje berre ropa folket til arbeid i desse tider, men og til bøn. Bed og arbeid! Jesus tok brøda og fiskane og takka Gud. Det var hans måte å be på. Så viss var han på bønhøyring at han takka føreåt. Han seier det sidan då han vekkjer opp Lazarus: Eg takkar deg, Fader, at du har høyr meg. Eg visste at du alltid høyrer meg. Då Jesus bad og takka, vart det mat nok. Guds skaparkraft kom til og gjorde det mannamakt ikkje greidde.

Dei fleste nordmenn har visst lært ein gong å lesa for maten, be om Guds velsigning og takka etter. Men kor mange held på med det? Eg veit alt frå barneåra har eg tykt det var stygt når folk let vera å lesa for maten. Dei tok til å glefsa i seg med ein gong just som grisen. Heime var vi alltid vane til å lesa, men då eg kom ut i verda, såg eg mange som ikkje las. Dei var dyr, tykte eg. På dei store matstover kunne det henda eg såg ein og annan bøya hovudet og be før han åt. Då var eg mest huga å gå til han og sei: Goddag bror! Her er då eit menneske! Om no Gud sa: Eit folk

som ikkje bed og takkar for maten, fortener ingen mat.

Takkar vi Gud for maten, får vi auga for at maten er Guds gåva, og då fer vi fint med maten, jamvel med levningane. »Sanka levningane,« sa Jesus, »så ingen ting vert spilt. Heime kalla vi maten Guds gåve, og vi fekk det i oss at det var stygt å kasta mat frå seg. Men kor ofte ser vi ikkje no at folk fer stygt med maten. Heile brødskiver kan ein finna slengde her og der. Det er sagt at folket vårt er øydsamt, og det er visst sant. Vi kan lite med å spa og lite med å ta vare på leivningar. Difor treng vi så sárt til å læra at maten er Guds gåve.

Men kan det nytta å be Gud om hjelp i matnaud og kolnaud? Eg kjende ein mann som gjorde det, og fekk hjelp. Det var kryppingen Emil Olsen som eg budde hjå ein gong i Oslo då eg var student. Han var fatig, og ein dag hadde han ikkje meir kol. »Kva skal vi no gjera?« spurde ho som stellte for han. »Vi skal be Gud om kol,« svara Emil Olsen. Så bad han til Gud beint fram om å få kol. Same dagen kom det sendande nokre sekkjer kol, og om ettermiddagen kom det opp ein kjøpmann som kjende Emil Olsen. »Veit du kva som hende i dag?« sa han. »Eg fekk det så levande for meg at eg skulle senda kol til deg. Eg ville slå det i frå meg, men fekk ikkje fred. Så sende eg kol.« Emil Olsen takka Gud for hans gode gåve, for han var det som hadde kasta tankane inn i kjøpmannen. Bør er telefon opp til Gud, og så kan Gud etter telefonera til sine ærendsvinar.

Ja, seier du, dette er vel nok når det gjeld ein einskild mann, men når no eit heilt folk kjem i matnaud og kolnaud, hjelper det då å be? Når eit land seier: De får ikkje kol! — hjelper det då med bøn til Gud?

Han bøyar også kongshjarto som vatsbekkjer. Det er og han som gjev solskin og regn så det fylgjer velsigning med vårvinnearbeidet vårt. Difor skal vi be og arbeida for mat og brennemang.

Å be er å setja Gud i arbeid. Handverkaren kjem på verkstaden. Der har han elektrisk motor. Kor mykje arbeid gjer ikkje den! Gud er sjølv skaparmotoren med dei uendelige krefter. Bed og arbeid! Set den

ævelege motor i gang og arbeid så med den!

Her er ei onnor matnaud no som er verre enn den vi har tala om, det er den åndelege matnaud. Og den er stundom verst når vi har mest brød. Då Jesus metta 5000, ville dei gjera han til konge. Vi hadde i minsto gjort han til provianteringsminister. Men Jesus ville djupare inn. Han ville vekkja den store hunger etter åndeleg mat. »Arbeid ikkje for den mat som forgjengst, men for den mat som varer til ævelegt liv.« Den ævelege mat er Gud sjølv i Jesus Kristus. Difor seier Jesus: »Eg er livsens brød.« Denne mat er å få i rikt mål. Men det er som med kornet i eit kornland, det er der, men det kjem ikkje fram, og så svelt folket. — Jesus er nær deg, men du har kanskje stengt ferdslevegane, og så svelt sjela di ihel. Set av syndetyrannen som rår i deg og lat Jesus sjølv syna vegen.



#### Våre døde.

28. febr.: Didrikke Olsdtr. Gangsøy, kona til Vilhelm Gangsøy, f. 1882.

17. mars: Kåre Nilsson Nyborg, Berle; f. 1902.

**»Giv mig av din barmhjertighet en kristen tro til enden.«**

#### Notisar.

**Døypt:** 9. mars Ellinor Laila, f. 7. des. av f. Emil Nilsson Klubben og k. Agnes Rasmusdr. (f. Bakke).

**Til sjukerpøktlaget** er innkome: Lagspengar: Reksnes 14 kr., Bortne 10, Kjølsdal 72, Ålfot 40.50, Levdal 26, Maurstad 80, Dombestein 12, Isane 18, Torheim 7, Rugsund 45, Leirgulen 27, Gangsøy 8, Berle 17. — Lodd: Bortne, Rimstad, Levdal, Isane, Torheim 5, Ålfot 10. — Merke: Bortne, Rimstad, Levdal, Isane, Torheim, Gangsøy 2, Ålfot 4. — Maurstad og Rimstad kvinneforeining 11.50. Utlodning i Rugsund 4.50. — Det var årsmøte 1. mars. Årsrekneskap, rekneskap for Finnlandsinnsamlinga og for utloddning av ein teduk vart framlagt. 216 kr. av Finnlandsinnsamlinga som kom for seint inn til å kunna sendast, vart sendt til Nasjonalhjelpa til mat og klæde for dei krigsskadelidne. Styre for 1941 er: lærar Årdalsbakke, (formann), fruene Drageset, (varaformann), Sveine, Tora Marie Leite, Brita Benæs, lærar Husevåg.

**Basarar:** Davik 9. mars til sjømannsmisjonen kr. 215.55. Davik barneforeining 30. des. til heidningmisjonen 43.30.

**For 100 år sidan.** Døde: 4. april 1841 Mari Olsdtr. Dommesteen, kårkone, 78 år. — 1. april Martin Noesen Leergullen, gårdmann, 67 år, f. på Dommesteen. — Vigde: 2. april: Ungkarl og gårdmann Ingebrigt Ole Bjørloe, 26½ år, son til Mons Hendrichsen, og Brithe Hatlegjerde, 34 år, dtr. til Johannes Johnsen. — 11. april Ungkarl og gårdmann Ole Davignes, son til Aniers Olsen, 33 år, og Marthe Hauge, dtr. til Arne Arnesen, 32 år.

**Utvandrarar til Amerika frå Davik.** 1851: Abramham Olsen Roesæter av Innvik, fortiden i Rugsund; Guttorm Rasmussen Blaalied. — 1852: Iver Mathiasen Dommesteen. — 1862: Gjertrud Kristiansdtr. Humberstad. — 1863: Berte Sølfestsdtr. Oldeide, Berte Rasmusdtr. Hessevaagbakke, Anne Didriksdtr. Hessevaagbakke. — 1865: Hans Augustinussen Kolsæter, Johannes Andersen Klubben.

#### Gudstenester:

3. sund. etter påske, 4. mai: Rugsund.
4. sund. etter påske, 11. mai: Davik.
5. sund. etter påske, 18. mai: Kjølsdal.
- Kristi himmelf. dag, 22. mai: Alfot.
6. s. etter påske, 25. mai: Rugsund.
1. pinsedag, 1. juni: Davik.
2. pinsedag, 2. juni: Rugs. og Totland.

**Kvittering for kontingen:** Alfred Myrvang, Kristian Horn 5 kr. — Peder Hausle, Søren Lofnes, Hans Daviknes 3. — Johan Haukedal 2. — L. J. Eldevik 2.60. — Tilsaman kr. 23.60.

Hjarteg takk til alle.

**Bergens kretsstyre for N. M. S.** har sendt misjonsforeiningane det fylgjande rundskriv. Det som står i det gjeld sjølv sagt for alle som arbeider for dei ymse greiner av ytre og indre misjon:

»Vi sender Eder vår hjerteligste hilsen og knytter denne til Esaias kap. 35. Det er et skriftord og avsnitt som ånder av opmuntring, av frimodighet og tro, alt i tilitt til Guds løfte om hjelp og nåde til frelse på nødens dag.

Når vi idag henvender oss til eder er grunnen vesentlig den kunngjøring som fra det offentlige er utgått om innregistrering av »foreninger av enhver art». Som bekjent gikk den første kunngjøring ut på, at foreninger skulle la sig innmeld til vedkommende lensmann eller politimester. Likeoverfor den uro omkring vårt foreningsarbeide, som en slik kunngjøring kunne befryktes å avstekkomme, har ledere — respektive sekretærer og tildels formenn — hatt samrådsmøte, og man ble enig om i sakens anledning å sende en forestilling til rette statsmyndigheter i Oslo. Denne forestilling ble sendt gjennem Organisasjonens Fellesråd i Oslo. Vår henvendelse til Organisasjonens Fellesråd gikk vesentlig ut på å bringe klarhet i spørsmålet:

1. Om registreringen gjaldt det kristelige foreningsarbeide innen menighetene.
2. Registreringens omfang. — Hovedstyrer, kretsstyrer, de mange og mange slags foreninger.
3. Hensikten med registreringen.
4. »En utvetydig uttalelse om, at alle foreninger som arbeider for kristelige formal kan være helt sikker på, at de midler som innsamles uhindret

skal kunne brukes til de formål de er bestemt for.«

Herpå er der nu kommet svar til Organisasjonenes Fellesråd fra Kirkedepartementet. Dette går ut på:

1. »At der foretas en registrering av foreninger av enhver art, også av de foreninger, som arbeider for kristelige formål.
2. Av praktiske grunner bestemmes det, at registreringen skal skje ved de resp. **kretsstyrer** — kretssekretærerne — altså ikke **lokalt fra foreningene**, og innmeldelsen skal skje til fylkesmennene, og ikke til politimyndighetene.
3. M. h. t. betryggelsen, **formålet** for foreningsarbeidet og midler, sier Departementets skrivelse bl. a.: »Dette — registreringen — er ikke skjedd for å legge hindringer i veien for det frivillige kristelige arbeid som utføres i vårt land», og videre: »det understrekkes at det er myndighetenes selvsgate forutsetning for registreringen at de foreninger som arbeider for kristelige formal, uhindret skal kunne bruke de midler som innsamles til de formål de er innsamlet til.«

Av ovenstående redegjørelse vil det være klart:

1. at foreningene ute i kretsen ikke foretar sig noget i medfør av denne sak. Det som må foretas, skjer av kretsstyret.
2. Da der tidligere fra myndighetenes side er gitt uttrykk for og gitt tilslagn om, at der ikke vil bli lagt hindringer i veien for det kirkelige og kristelige arbeide hos oss, og da dette også yderligere er understreket — se ovenfor punkt 3 — finner kretsstyret å måtte tilskynde og opmunstre alle våre misjonsforeninger til å fortsette arbeidet som før. Gudstenester, møter, foreningsmøter, basarer, m. m. bør holdes. — Hittil har ingen og intet hindret oss i å gjøre Herrens gjerning både hjemme og ute. Vi takker Gud for det.
3. Hertil skal ennu føyes, at der av de resp. kristelige organisasjoner ledere arbeides videre med denne sak. Man tilstreber særlig en større forenkling og oversiktighet m. h. t. de oppgaver som i tilfelle skal avgies.
4. Skulle noget ytterligere inntre, som nødvendiggjør at foreningene blir orientert, skal kretsstyret holde Eder underrettet.«

#### Soga om Saul fra Tarsus.

##### II.

Den religiøse opplæringa åt Saul byrja då han var 5 år gammal. Vi kjenner til korleis den gjekk føre seg for ein jødisk gut frå han var fem til femten år. — I femårsalderen lærde han dei ti boda og så salmane 113—118, den lovprisninga som vart sungen ved dei store høgtidene. Dei fyrste orda som vesle Saul fekk læra å framseia ved gudstenesta, var: *Lova, de Herrens te-*

*narar, lova Herrens namn! Herrens namn vere lova frå no og til æveleg tid! Frå solekome og til soleglad er Herrens namn høglora.* Og foreldra hans fortalte på barnlegvis kva dei store festane skulle minna om. Seks år gammal vart han send til »Vingarden«, den skulen som vart driven i samband med synagogen. Ein gammal truverdig slave fylgde den vesle guten dit gjennom dei fårlege gateane. Mange år etter mintest Saul med eit smil, korleis han heldt han fast og førde han beine vegen til skulen, då han skreiv i Galatarbrevet at lova var ein slik trufast tenar som skal leida oss til Kristus.

Og no ser vi han då sitja på golvet i Vingarden saman med ein heil flokk små, urolege jødegutar, med ein liten skrivepult på dei krosslagde små føtene. Der sat Saul i mange år. I dei to—tre fyrste lærde han berre om ein ting: forteljingane om Gud og hans forhold til menneskja, slik som vi ser det i Israels historie. I to eller tre år vart det på denne måten hantra inn i han, korleis hans folk var det herlege og utvalde blant alle nasjonar på jorda. Han vart oppglødd over folket sine sigrar og djupt gripen over folket sine ulukker. Kvar dag fekk vesle Saul ei vakker eller hugtakande forteljing frå forntida å tenkja på. Sions songar og klagene i Babylon lydde for øyro hans.

Lærarane fortalte om forntida, men dei skildra og framtida. Ein dag, fekk han vita, skulle kong Messias koma. Han skulle draга gjennom verda, svingande sverdet, eit blakkare og sterkare våpen enn det spjotet åt Apollon som dei gøynde i Tarsus som den største skatt og dyrverdigaste relikvie. Og då skulle all verda tilbeda i Jerusalem, og kong Messias skulle sitja på truna si på Sion, og sjølv keisaren skulle koma frå Rom for å hylla han, og jødane skulle vera det mektigaste folk på jorda, og Saul skulle kanskje vera ein av dei mektigaste blant jødane.

Då han var ti år, tok han til med den »munnlege lov«, den lange rekkja av føreskrifter som dei jødiske teologane hadde sett opp ut frå Det gamle testamente, og om ikkje lenge vart den tenksame og flinke guten godkjend som ein »son åt bodet«. Det var ei heilag handling i synagogen, noko liknande som vår oppføring av dåpspakta ved konfirmasjonen. Saul vart med kameratane

sine førd fram for kyrkjelyden, og fedrane deira kunngjorde at sønene deira no kjende lova og var andsvarlege for sine eigne synder.

Saul var sikkert ein ihuga liten student, og så flink at ein alt tok til å leggja planar for hans framtid. Han var no så grunnfesta i religion og moral, at ein kunne senda han ut i livet i Tarsus. Dersom han no arbeidde hardt og hadde lukka med seg på det neste stiget i skulegonga si, då han skulle læra retorikk i skulane og ved førelesingane åt filosofen Nestor på universitetet i Tarsus, så ville faren senda han til Jerusalem for å gå i lære hjå den namngjetne skriftlærde Gamaliel. Då låg ei stor framtid føre han.

Han lærde mykje i den tida som no kom, i klassene i statsskulane i Tarsus og hjå den gjæve Nestor ved universitetet. Han lærde å sky det vonde og å velja det gode, og han fann mykje godt i Nestors forkynning. Der var mykje høg og adeleg tenking i Tarsus då Saul var gut. Athenodosus og Nestor, meisterane i skulen der, var framståande menn. Filosofen Athenodosus, som hadde stor innverknad på folket i byen, døydde medan Saul var barn. Læresveinen hans, Nestor, var den filosof som Saul studerte hjå. Den kjende filosofen Seneca var og ein av Athenodosus's disipler. Den likskap som der sume tider er mellom det som Paulus og Seneca seier, kjem vel av at dei båe var påverka av filosofen frå Tarsus.

Den religion som rådde i Tarsus samla seg om byen og så dei fysiske prosessar i natura. Den gjorde ikkje noko krav på å hjelpe menneskja fram til det moralske liv som Nestor sette opp som ideal. Saul prøvde å fylgja lova og gjera Guds vilje i eitt og alt, men han visste med seg sjølv at han greidde det ikkje. I desse dagane sa han dei beiske orda som han seinare hugsa på: »Eg gjer ikkje det som eg vil, men det som eg har, det gjer eg. For det gode som eg vil, det gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikke vil, det gjer eg.« Og likevel visste Saul av heile sitt hjarta og all si sjel, at frelsa kom frå jødane, og at vona for heile mannaætta låg gøynd under det gylne taket på det heilage Guds tempel i Jerusalem.

(Meir).